

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 07.03.2022  
**SAKSHANDSAMAR:** Bjørn Munthe  
**SAKA GJELD:** **Revisjonsplan 2022-2023, internrevisjonen Helse Vest RHF**

**ARKIVSAK:** 2022/273  
**STYRESAK:** **037/22**

**STYREMØTE:** **23.03. 2022**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner forslaget til ny plan for internrevisjon 2022-23.

## Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2022 og 2023. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet og med innspel frå helseføretaka og andre.

Forslaget er at følgjande prosjekt inngår i planen for dei kommande to åra:

- **Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (under oppstart - planlagt ferdigstilt 3. kvartal 2022)**
- **Brukarmedverknad i føretaka (planlagt oppstart siste halvdel av 2022)**
- **Bruk av avtalespesialistar**
- **Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar**
- **Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy**
- **Administrasjon av pasientar på venteliste**
- **Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest**

Følgjande prosjekt er i arbeid og kjem truleg til avslutning i første halvdel av perioden:

- **Læring på tvers etter uønskete hendingar**

Andre innkomne innspel til plan er arkivert og blir ein del av dei framtidige vurderingane i Revisjonsutvalet.

Praksis er at internrevisjonen avklarar rekkefølga på prosjekta med revisjonsutvalet etter at planen er vedteken av styret. Fleire prosjekt blir tekne med frå førre plan og tre av desse er allereie prioriterte - og enten i arbeid eller under oppstart.

I tillegg til dei revisjonane som skal gjennomførast i regi av internrevisjonen, **så skal òg sjølve internrevisjonen og -revisjonsfunksjonen i Helse Vest RHF bli revidert** av ekstern part i 2022. Dette er ein type revisjon som er pålagd kvart femte år (ref IIA Standard 1312 – Eksterne evalueringar).

Revisjonsutvalet hadde planforslaget til behandling 03.03.2022. Følgjande er protokollert.

*"Vedtak (samrøystes):*

*Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2022-23.»*

Vedlegg:

Forslag til plan for internrevisjon 2022-23